



## DET KONGELEGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes digitaliseringsorganisasjon  
Postboks 8122 Dep  
0032 OSLO

Dykker ref

Vår ref

Dato

24/3095-19

03. januar 2025

## Tildelingsbrev 2025 – Departementenes digitaliseringsorganisasjon

### 1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (2024–2025), jf. Innst. 16 S (2024–2025) vedteke 17. desember 2024.

DFD gir Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO) fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2025, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset øg departementet krav til DIO og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for DIO si verksemd i 2025.

Som nyetablert verksemd må DIO vera førebudd på dialog med DFD om fortløpende nye oppdrag som ikkje er nemnde i tildelingsbrevet. Vi ber DIO ta opp eventuelle uklarleikar så snart som mogleg.

### 2. Overordna prioriteringar og utfordringar

Den teknologiske utviklinga går raskt, og mogleheitene for å nytte teknologi og digitalisering for å understøtte måla til verksemda blir stadig meir avgjerande. Behovet for motstandsdyktige og robuste digitale funksjonar i samfunnet er stort, gitt den ustabile geopolitiske situasjonen.

Postadresse  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo  
[postmottak@dfd.dep.no](mailto:postmottak@dfd.dep.no)

Kontoradresse  
Akersg. 59  
[www.dfd.dep.no](http://www.dfd.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
932 384 469

Avdeling  
Avdeling for  
fellesfunksjonane til  
departementa

Saksbehandlar  
Endre Rudi  
22 24 68 61

Departementsfellesskapet har to hovudleverandørar av fellesstenester i DIO og Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS). DIO og DSS vil vera likeverdige partnarar som skal levere sikre og effektive fellesstenester med riktig kvalitet, til departementa, Statsministerens kontor og kvarandre. Eit tett samarbeid mellom DIO og DSS er ein suksessfaktor for at vi skal lykkast med å skape eit godt departementsfellesskap. Det er i tillegg behov for eit tett samarbeid med Statens graderte plattformtenester for god og heilskapleg leveranse av ugraderte og graderte IKT-tenester i staten.

Frå og med 1. januar 2025 overtek DIO eigarskapet og ansvaret for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling (FDVU) av IKT-plattforma Depnet U, Utanriksdepartementet (UD) si IKT-plattform, og Justis- og beredskapsdepartementet (JD) si IKT-plattform. DIO skal levere IKT-tenester applikasjonar og andre digitale tenester til departementa og utanrikstenestene. Alle skal få sikre, stabile og velfungerande IKT-løysingar fram til, og etter at, ny felles IKT-plattform for departementsfellesskapet er etablert gjennom Program Felles IKT. Det er viktig at sikker og stabil drift av dei tre IKT-plattformene blir ivareteke i DIO i overgangsperioden. DIO må fortløpende vurdere sikkerheita i eigne system og prosessar, og setje i verk tiltak ved behov. Det er viktig at DIO rettar særleg merksemd mot tiltak som styrkjer informasjonssikkerheita, mellom anna cybersikkerheit.

DIO skal være ein strategisk digitaliseringspartner i tillegg til å levere sikre og stabile digitale tenester for departementsfellesskapet.

Program Felles IKT har ansvaret for å utvikle og levere ei ny felles IKT-plattform for departementsfellesskapet. DIO skal bidra aktivt i arbeidet med Program for Felles IKT-tenester, mellom anna arbeidet med etablering av ny felles IKT-plattform. DIO vil overta det juridiske eigarskapet og ansvaret for FDVU av ny felles IKT-plattform når den er ferdig etablert og godkjent. DIO må sørge for at verksemda er tilstrekkeleg forberedt på dette. DIO og Program Felles IKT må samkøre sine aktivitetar og vegval som vil kunne påverke den totale leveransen til departementsfellesskapet.

Frå og med 1. januar 2025 overtek DIO ansvaret til DSS for Prosjekt ny sak- og arkivløysing i departementa. DFD vil komme nærmare tilbake til dette i eiga brev i 2025.

DIO er ein viktig bidragsyta for å sikre at vi får gode og funksjonelle digitale fellesløysingar og fellesstenester i nytt regjeringskvartal (RKV), og sikker teknisk infrastruktur i regjeringskvartalet (STI), jf. strategi for ferdigstilling og innflytting i byggetrinn 1 i nytt regjeringskvartal. DIO skal bidra i planlegging og gjennomføring av viktige aktivitetar i sluttfasen av byggetrinn 1, blant anna følgje opp og bidra i Prosjekt IKT i RKV og etablere nye IKT-/digitale tenester i nytt RKV og STI.

DIO er ein viktig bidragsyta i arbeidet med kunstig intelligens (KI) for departementsfellesskapet. Frå og med 1. januar 2025 overtek DIO ansvaret til DSS for arbeidet med KI for departementsfellesskapet, jf. [supplerande tildelingsbrev nr. 10 2024 til DSS](#). DIO vil ha ansvar for arbeidet med koordinering, erfarsndeling og utprøvingar for bruk

av KI i departementa. DIO vil også ha ansvar for å leie den tverrdepartementale arbeidsgruppa for KI i departementsfellesskapet. Arbeidsgruppa skal kartleggja departementa sine behov og bruksområde for KI (innsiktsarbeid). Dette skal danne grunnlag for kva DIO bør jobbe med og prioritere på KI-området i tida framover.

I 2025 er DIO ei nyopprettet verksemd. DIO må gjennomføre mange viktige aktivitetar og prosessar knytt til etableringa av verksemda, og for å sørge for at omstillinga frå dagens IKT-miljø lykkast. Tilstrekkeleg tilgang på kompetanse kan framleis bli krevjande grunna høy etterspørsel etter IT-kompetanse og at rekruttering tar tid, og gode prioriteringar vil derfor være viktig. På grunn av dette og de store igangsette utviklingsprosjekta, vil DIO ha avgrensa kapasitet til å ta på seg nye oppgåver i 2025.

DIO må ha god økonomi-, portefølje- og prosjektstyring og bemanningsplanlegging i 2025.

### 3. Mål for 2025

DIO sitt samfunnsmål er at SMK, alle departementa, Norges utanriksstasjonar og DSS skal ha ei sikker, kostnadseffektiv og funksjonell behandling og deling av digital informasjon internt og eksternt.

Det er sett eit hovudmål for DIO for 2025, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet:

- **Departementa mottar sikre og effektive fellesnester med riktig kvalitet.<sup>1</sup>**

Sikre og effektive fellesnester med riktig kvalitet er en føresetnad for at departementa kan løyse samfunnsoppgåvene sine og ivareta rolla si som sekretariat for politisk leiing.

#### 3.1 Delmål for 2025

Det er sett tre delmål for DIO for 2025.

##### 1. Informasjonssikkerheita i departementsfellesskapet er god

Alle IKT-systema som DIO forvaltar, driftar og vedlikehald, har høg grad av informasjonssikkerheit, og er i samsvar til krav og føringar i gjeldande lovverk og frå departementa.

###### Styringsparameter 1 – Krav IKT-systema

Alle IKT-systema som DIO forvaltar, driftar og held ved like, er sikra i tråd med Nasjonal tryggingsorgan (NSM) sine grunnprinsipp for IKT-sikkerheit, og eventuelle nye krav til informasjonssikkerheit som departementa stiller.

---

<sup>1</sup> DIO vil ikkje kunne oppnå hovudmålet og delmåla sine fullt ut, før ny felles IKT-plattform for departementsfellesskapet er ferdig etablert og i drift.

DIO skal rapportere på:

- status på IKT-plattforma Depnet U og IKT-plattformene for UD og JD, og gi ei vurdering av informasjonssikkerheten på plattformene
- avvik fra NSMs grunnprinsipp for IKT-sikkerheit og eventuelle nye krav som departementa stiller, og korleis DIO følgjer opp disse avvika

#### Styringsparameter 2 – Oppetid IKT-systema

Oppetid for IKT-system er i samsvar med krava i tenesteskildringane.

DIO skal rapportere på:

- avvik fra krava, årsak til avvik og oppfølgingstiltak, og dessutan område og alvorsgrad avviket gjeld
- problem/utfordringar i digitale løysningar/system, og vurdere eventuelle oppfølgingspunkt om det er nødvendig
- status for drift og forvaltning av departementa sine saks- og arkivsystem på IKT-plattformene til DIO

### **2. Dei digitale fellestenestene blir drifta og forvalta på ein kostnadseffektiv måte**

Dei digitale fellestenestene og fellesløysingane som blir levert av DIO skal vera kostnadseffektive og gi stordriftsfordelar. Fellesløysingar, å samle kompetanse i sterke administrative fagmiljø, standardisering og bruk av ny teknologi skal bidra til dette.

#### Styringsparameter 3<sup>2</sup> – Drift og forvaltning av tenester

DIO sine digitale tenester blir drifta og forvalta på ein kostnadseffektiv måte.

DIO skal rapportere på:

- tenestekostnader fordelt på tenester (rapportering pr. år i årsrapport)
- tenester som ikkje blir levert på ein standardisert/på lik måte til departementa, og gi ei vurdering av om dette bør endrast
- tenester som blir brukte i avgrensa grad, og gi ei vurdering av om tenestene bør avviklast
- moglege tiltak for å effektivisere drifta og forvaltninga

### **3. Dei digitale fellestenestene er gode, brukarvennlege og tilfredsstiller behova til kundar og brukarar**

Dei digitale fellestenestene og fellesløysingane skal leverast med riktig kvalitet, til riktig tid, og skal tilfredsstille departementa sine behov. Tenestene skal vera relevante, tilgjengelege og gjort kjent for kundar og brukarar.

#### Styringsparameter 4 – Kvalitet i tenester

---

<sup>2</sup> Alle rapporteringar på styringsparametere skal ha opplysningar som gjer det mogleg å samanlikne resultata med fjoråret på tilsvarande tidspunkt.

DIO får gode tilbakemeldingar i sine brukarundersøkingar og kundeundersøkingar, og følgjer opp med moglege tiltak for å forbetre tenestene. DIO skal jobbe aktivt med departementa for å avdekke behov for vidareutvikling.

DIO skal rapportere på:

- resultat frå brukarundersøkingar og kundeundersøkingar etter at dei er gjennomført, jf. pkt. 4.2.2 i hovudinstruks for DIO
- status for igangsette/planlagde oppfølgingstiltak og eventuelle forslag til nye tiltak, etter brukarundersøkingar, kundeundersøkingar og eventuelle kundemøter
- eventuelle forslag til endringar i eksisterande tenester og/eller etablering av nye tenester, som departementa/DIO foreslår i løpet av året

#### Styringsparameter 5 – Avtalebrot/avtaleusemje

DIO følgjer opp kundeførespurnader om avtalebrot/avtaleusemje og klager.

DIO skal rapportere på:

- kundeførespurnader om avtalebrot/avtaleusemje og klager pr. departement
- korleis kundeførespurnadene blir følgde opp og løyste

#### Styringsparameter 6 – Brukarstøtte

DIO leverer effektiv brukarstøtte for tenesteområda, som varetok behovet til brukarane.

DIO skal rapportere på førespurnader til brukarstøtte fordelt på:

- DIO sine tenesteområde
- bestillingar, hendingar og brukarspørsmål
- saker handtert i 1. og 2. linje
- saker handtert innanfor og utanfor ordinær arbeidstid
- alvorsgrad (DIO må gjere greie for alvorlege hendingar og korleis disse er/blir følgde opp)

### **3.2 Oppdrag**

Nr.:	Oppdrag:	Frist:
1	DIO og DSS skal ha eit felles oppstartsmøte for å gå gjennom styringskalendrane til DIO og DSS for 2025. Det er viktig at DIO og DSS deler informasjon og lærer av kvarandre.	20. januar 2025
2	DIO skal i samråd med departementa, vurdere brukarstøtta til departementa innanfor området dokumentforvaltning. DIO skal vurdere om det er mogleg å forbetre brukarstøtta på dette området, slik at spørsmål og førespurnadar frå dokumentforvaltingseiningane blir prioritert.	31. mars 2025
3	DFD, i samråd med FD og arbeidsgruppa for ny samhandlingsløysing på Nasjonalt BEGRENSET nett (NBN), tar sikte på å ferdigstilla den tekniske løysinga og testing i løpet av våren 2025. DIO skal etablere eit mottaksprosjekt for å	31. mars 2025

	førebu eigen organisasjon på mottak og forvaltning, drift og vedlikehald av den nye samhandlingsløyninga på NBN, som DIO vil få ansvar for. Dette inkluderer òg etableringa av ein forvaltningsmodell.	
4	Om ferdigstilling og testing av ny samhandlingsløysing på NBN går etter planen, skal DIO etablere eit innføringsprosjekt og innføre løysinga i departementa før sommaren 2025.	30. juni 2025
5	DIO skal etablere eit eige styringssystem for informasjonssikkerheit så raskt det let seg gjere i 2025. DIO skal òg gjennomføre ein internrevisjon av styringssystemet for informasjonssikkerheit i løpet av 2025, om det let seg gjennomføre.	31. desember 2025
6	DIO skal bidra i UD sitt prosjekt for etablering av ny EØS-notatbase. DIO skal òg gjere nødvendig førearbeid for å overtaka ansvaret for drift, forvaltning og vedlikehald av den nye EØS-notatbasen etter at ny base er ferdig etablert.	31. desember 2025
7	DIO skal i 2025 kartlegge kva tenester eller andre leveransar DIO er avhengig av for å fungere, som ligg utanfor verksemda si kontroll, og som ved bortfall eller redusert funksjonalitet vil få direkte konsekvens for verksemda sin funksjon. Oversikten over avhengigheter skal sendast til DFD og NSM.	31. desember 2025
8	DIO skal i 2025 bidra inn i Program Felles IKT sitt arbeidet med skadevurdering av ny felles IKT-plattform.	31. desember 2025
9	DIO skal i 2025 vidareføre etableringsaktivitetar som er overført frå Program Felles IKT, og sikre at organisasjonen vert utvikla i tråd med behova.	31. desember 2025
10	DIO skal bidra i arbeidet med å planlegge forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av STI-anlegget, relatert til verksemda sine tenesteleveransar. Når STI-anlegget er ferdig etablert og overtatt av DFD, skal DIO ivareta forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling for tenesteleveransar til STI. Nærmore presiseringar av dette følgjer i eige brev frå DFD.	31. desember 2025

## 4. Andre føresetnader og krav

### 4.1 Fellesføringar 2025

#### 4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

DIO skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet.

DIO skal også vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.

DIO skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

#### **4.1.2 Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring**

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik.

DIO skal i årsrapporten oppgje tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2025, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2025.

#### **4.1.3 Redusere bruk av konsulentar**

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. DIO skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen. DIO skal i årsrapporten for 2025 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærmare.

Verksemda skal som ein del av rapporteringa også gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2025 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester.

Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærmare i note til årsregnskapet. Om verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

### **5. Budsjettildelingar**

#### **5.1 Budsjettrammer 2025**

I tråd med Stortinget sitt vedtak blir utgifter tildelte og inntekter fastsette for DIO i 2025, som følgjer:

## Utgifter

### **Kap. 1515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa**

Post	Nemning	Budsjett 2025	[tal i kroner]
01	Driftsutgifter	374 691 000	
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	78 957 000	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	316 600 000	
	<b>Sum kap. 1515</b>	<b>770 248 000</b>	

## Inntekter

### **Kap. 4515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa**

Post	Nemning	Budsjett 2025	[tal i kroner]
01	Diverse inntekter	600 000	
02	Brukabetaling	33 200 000	
	<b>Sum kap. 4515</b>	<b>33 800 000</b>	

*Endringar/føringar for bruk av løyvinga:*

## Utgifter

Post 01 Driftsutgifter:

- Det blir tildelt 83,7 mill. kroner på posten som følgje av overføring av IKT-miljøet i Utanriksdepartementet til DIO.
- Det blir tildelt 21 mill. kroner på posten som følgje av overføring av IKT-miljøet i Justis- og beredskapsdepartementet til DIO.
- Det blir tildelt 187,3 mill. kroner på posten som følgje av overføring av IKT-miljøet i DSS til DIO. Dette inkluderer overføringar av driftsmidlar og midlar til drift, vedlikehald og utvikling av nettstaden regjeringen.no.
- Det blir tildelt 43 mill. kroner på posten for å dekke nødvendige utgifter til administrative funksjonar og husleige til DIO.
- Det blir tildelt 23,2 mill. kroner på posten som følgje av vidareføring av tiltak i samband med dataangrepet på IKT-plattforma til dei 12 departementa sommaren 2023. Dette handlar mellom anna om driftsutgifter til mellombels e-postløysing og utvida tryggingsovervaking av IKT-plattforma som vart utsett for angrepet.
- Det blir tildelt 14 mill. kroner på posten for å dekke ekstrautgifter til den nye løysinga for synkronisering av e-post for departementa på dagens felles IKT-plattform, og for å dekke utgifter til drift av løysinga for samhandling på Nasjonal BEGRENET nett.
- Det blir tildelt 2,3 mill. kroner på posten som følgje av overføringar frå departementa og Statsministerens kontor for SoMe-tenesta.

- Det blir tildelt 196 000 kroner på posten som følge av overføring fra DFD for lisensar til WebSak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast::

- Det blir tildelt 79 mill. kroner på posten som følge av overføring av IKT-miljøet i DSS til DIO.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast:

- Det blir tildelt 27 mill. kroner på posten som følge av overføring av IKT-miljøet i DSS til DIO.
- Det blir tildelt 289,6 mill. kroner på posten for å få på plass nødvendig IKT-utstyr i nytt regjeringskvarthal byggetrinn 1. Dette skal gå til å dekke kostnadene knytt til etablering av kommunikasjonsinfrastruktur, flytting og reetablering av datasenter, etablering av delte og personlege IKT-tjenester og felleskostnader.

## **6. Fullmakter**

Departementet delegerer budsjettfullmakter til DIO for budsjettåret 2025 som omtalt nedanfor. DIO er sjølv ansvarleg for å setje seg inn i dei krava og heimlane departementet viser til.

I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene som DIO har fått delegert i hovudinstruksen, som gjeld frå 1.1.2025.

### **6.1 Meirinntektsfullmakt**

Fullmakt til å overskride driftsløyvinga på kap. 1515, post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4515, postane 01 og 02, jf. romartalvedtak II under DFD i Prop. 1 S (2024–2025), jf. Innst. 16 S (2024–2025) vedteke 17. desember 2024.

### **6.2 Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr**

Fullmakta blir gitt for kap. 1515, post 01 på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.2.

### **6.3 Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret**

Fullmakta blir gitt på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.3.

### **6.4 Fullmakt til å overskride investeringsløyving mot tilsvarende innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel**

Fullmakta blir gitt for bruksendring frå kap. 1515, post 01 til kap. 1515, post 45, på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.5.

## **6.5 Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i etterfølgjande budsjettår**

Fullmakta blir gitt for overskridinger på kap. 1515, post 01 og post 21 til investeringsformål mot innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjettår på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.6.

## **7. Rapportering og resultatoppfølging**

Tidspunkt for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2025 går fram av styringskalenderen i vedlegg 1.

### **7.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året**

Faste etatsstyringsmøte er ein forpliktande del av departementet si styring av DIO og ein sentral del av styringsdialogen.

Det skal gjennomførast tre etatsstyringsmøte i 2025, jf. hovudinstruksen, pkt. 3.3.2 og styringskalenderen.

DIO skal utarbeide og sende over tertialrapport pr. tertial til DFD, jf. hovudinstruksen, pkt. 3.3.3 og styringskalenderen. Tertialrapporten skal setjast opp i samsvar med avtalt mal mellom departementet og DIO.

### **7.2 Årsrapport og årsrekneskap**

DIO skal sende årsrapporten for 2025 til departementet innan 15. mars 2026, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstille krava i hovudinstruksen for DIO. Rapporten skal innehalde rapportering om måloppnåing på styringsparametrar og oppdrag omtalt i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2025 og pkt. 4 Andre føresetnader og krav.

DIO skal sende ein korrekt, dekkjande og komplett årsrapport til departementet. Årsrapporten skal ikkje endrast etter at han er sendt til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig.

## **8. Budsjettmessige føresetnader**

DIO har ansvar for å legge planar for 2025 slik at verksemda kan nå måla innanfor løyvingane som blir stilte til disposisjon i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

DIO kan ikkje overskride utgiftsløyvingane eller bruke dei til andre formål enn bestemt av Stortinget, jf. løyvingsreglementets § 5. Unntaket er om det er gitt ei slik fullmakt i pkt. 6 i dette brevet.

DIO har ansvaret for å setje i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auke løyvinga.  
Departementet føreset at DIO rapporterer omgåande om vesentlege endringar i  
budsjettføresetnadene.

Med helsing

Aleksander Åsheim (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Endre Rudi  
fyrstekonsulent

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Vedlegg:  
Styringskalender for DIO for 2025  
Hovudinstruks for DIO pr. 01.01.2025

Kopi til:  
Riksrevisjonen

Postboks 6835 St. Olavs  
plass

## Vedlegg 1

### Styringskalender for DIO for 2025

Måned	Rapportering/møte	Tidspunkt
Januar	Risikovurderingar av mål og oppgåver i tildelingsbrev for 2025	24.1.2025
Februar	Plan for 2025 for investeringar og vedlikehald Statsbudsjettet 2025 – innspel til RNB	3.2.2025 24.2.2025
April	<b>Etatsstyringsmøte 1</b>	<b>11.4.2025</b>
Mai	Statsbudsjettet 2026 – innspel til rammefordelingsforslaget Statsbudsjettet 2026 – utkast til rapportering til Prop. 1 S (2025–2026) Første tertialrapport pr. 30.4	5.5.2025 23.5.2025 30.5.2025
Juni	<b>Etatsstyringsmøte 2</b> Varsel om behov for større anslagsendringar i andre halvår	<b>20.6.2025</b> 26.6.2025
Juli		
August		
September	Statsbudsjettet 2025 – innspel til nysalderinga	22.9.2025
Oktober	Andre tertialrapport pr. 31.8 DFD sender over utkast til tildelingsbrev for 2026	6.10.2025 Medio oktober
November	Årleg rapportering på grunnsikring (nærare føringar kjem i eige brev i 2025) <b>Etatsstyringsmøte 3</b> Statsbudsjettet 2027 – innspel til nye satsingar Statsbudsjettet 2027 – innspel til innsparingstiltak	5.11.2025 <b>7.11.2025</b> 17.11.2025 17.11.2025
Desember	Statsbudsjettet 2027 – innspel til konsekvensjustert budsjett Statsbudsjettet 2027 – spesifikasjon av driftspostane DFD sender over endeleg tildelingsbrev for 2026	1.12.2025 1.12.2025 19.12.2025